

Alle vegar fører til Nidaros

Om eit fransk handskriftfragment og dansk-norske kontinentale nettverk

SYNNØVE MIDTBØ MYKING

This article discusses a fragment of Stephen of Tournai's *Summa in decretum Gratiani*, now in the Norwegian National Archives, but originally part of a manuscript copied in France between around 1175 and 1200. The medieval provenance of the manuscript is uncertain, but the article discusses the possible ways in which it might have ended up in Norway, where it was used as binding material for seventeenth-century accounts from the area around Trondheim: was it brought to Norway as a result of contacts forged in twelfth-century Paris, or did it come to Denmark first? By showing that the manuscript, no matter whether it first came to Norway or Denmark, would have travelled thanks to the same type of contacts, involving the same type of people, the article uses the absence of a known medieval provenance as an opportunity to shed light on Danish-Norwegian connections and parallels in the High Middle Ages.

Introduksjon¹

Få handskrift frå norsk mellomalder har overlevd i intakt tilstand. Særleg gjeld dette bøker skrivne på latin, der liturgiske handskrift utgjorde mesteparten. Etter reformasjonen i 1536/1537 vart dei aller fleste handskrifta samla inn og skorne opp, slik at pergamentet kunne nyttast til andre føremål, i stor grad som innbindingsmateriale på skattelister frå norske len og futedømme. I Riksarkivet, og i ein del andre norske samlingar, finst det i dag tusenvis av slike fragment, som til saman utgjer ei viktig kjelde til kunnskapen vår om norsk bokkultur i mellomalderen.²

¹ Med takk til Espen Karlsen, Åslaug Ommundsen og to anonyme lesarar for nyttige kommentarar.

² Dei siste åra har sett store framsteg når det gjeld forskning på norsk og nordisk fragmentmateriale so vel som på latinsk skriftkultur i Norden i mellomalderen. Sjå særleg Karlsen 2013 og Ommundsen & Heikkilä 2017, som inneheld introduksjonar til problemstillingane so vel som bidrag frå nyare forskning.

Utfordringane er likevel mange i studia av desse fragmenta. Ei av dei er mangelen på sikker kunnskap om lagnaden til handskriftet før det hamna under kniven: Sjølv når me kan vera rimeleg sikre på når og kvar den opphavlege boka vart produsert, utifrå kriterium som skrift, dekorasjon og innhald, er livet til boka – kven som eigde henne, kven som arva henne, kven som nytta henne – som regel skjult for oss. Me må dimed basera oss på historisk kontekst, med utgangspunkt i den etterreformatoriske lagnaden til fragmentet, for å kunna plassera handskriftet inn i sin rette samanheng.

I den fylgjande artikkelen diskuterer eg denne problemstillinga med utgangspunkt i eit fragmentert handskrift av verket *Summa in decretum Gratiani*, «Samanfatning av Gratians dekret», av den franske juristen, abbeden og biskopen Stefan av Tournai (d. 1203).³ Handskriftet, som er kopierte i Frankrike i siste fjerdedel av 1100-talet, består av fem enkeltfragment som alle vert oppbevart i Riksarkivet i Oslo, og som alle kan knytast til området rundt Trondheim (Nidaros). Ei opplagd forklaring er at nokon med tilknytning til erkebispesetet tok handskriftet med seg frå Frankrike i mellomalderen – jamvel om sjølve handskriftet ikkje seier noko om dette. Ei alternativ forklaring er at handskriftet slett ikkje var i Noreg i mellomalderen, men derimot i Danmark, og at det kom dit via eit tilsvarande geistleg nettverk: Fragmentet kan vera identisk med ei bok som er nemnd i testamentet til Anders Sunesen (d. 1228), erkebiskop av Lund.

Dei to forklaringane har mange parallellar, sidan bae legg til grunn at nettverk og kontaktar mellom skandinaviske og kontinentale miljø var ein viktig føresetnad for bokimport.⁴ Konklusjonen er at handskrift med usikker proveniens kan utgjera eit fruktbart utgangspunkt for å analysere samanhengen mellom personlege og institusjonelle nettverk og norsk-dansk handskriftskultur.

Opphav og proveniens

Jamvel om proveniens (*provenance*) stundom vert nytta synonymt med opphav i forskning på handskriftstudium, er skiljet prinsipielt viktig: Opphav seier noko om kvar handskriftet vart laga, proveniens seier noko om kvar handskriftet vart nytta. Opphav kan stadfestast på grunnlag av konkret informasjon – som til dømes ein kolofon der skrivaren nemner at boka er skriven på ein bestemt stad eller ved ein bestemt institusjon – eller på meir indirekte grunnlag, som regionale drag i skrifa/dekorasjonen eller inn-

³ Òg kjend som Stephanus Tornacensis (latin), Étienne de Tournai (fransk), Stephen of Tournai (engelsk).

⁴ Dette er eitt aspekt ved integreringa av Skandinavia i ein større pan-europeisk elitekultur, ein prosess som skyt fart på 1100-talet. Sjå t.d. Münster-Swendsen, Heebøll-Holm & Sønnesyn 2016.

haldet (til dømes ved at helgenar som var populære i eit bestemt område, er nemnde). Proveniensi kan stadfestast til dømes på grunnlag av ein ex-libris eller ved at boka er nemnd i ei inventarliste. Stundom kan både opphav og proveniensi stadfestast på grunnlag av same informasjon: Det sokalla Munkelivspsalteret,⁵ som vart kopiert i birgittinar-klosteret Munkeliv i Bergen rundt 1450, inneheld ein kolofon der skrivaren, nonna Birgitta Sigfusdotter, presenterer seg ved namn og fortel kvar ho høyrer til.

Opphav og proveniensi overlappar gjerne, men slett ikkje alltid, og ein kan ikkje slutta at eit bestemt opphav er lik ein bestemt proveniensi. Dette er i endå større grad tilfellet for fragmenta i det norske Riksarkivet, som i særns liten grad inneheld konkret informasjon verken om opphav eller proveniensi i mellomalderen, den sokalla primærproveniensi.⁶ Me veit meir om sekundærproveniensi deira, det vil seia kva som hende etter at handskrifta vart skorpe opp, sidan fragmenta vart nytta som innbinding på skattelister frå bestemte geografiske område i bestemte tidsrom. Det er som regel vanskeleg å slå fast i kva grad handskrifta faktisk var i bruk i desse områda før dei vart nytta som innbinding, altså i kva grad det er ein samanheng mellom primær- og sekundærproveniensi. Ei skattelite kan innehalda skatterekneskape frå til dømes Romsdal i året 1605, men kva kan me seia om pergamentfragmentet som er nytta som innbinding – kjem det frå eit handskrift som fanst i området i mellomalderen? Kom handskriftet til Romsdal på 1600-talet? Eller er det berre innhaldet i skattelista som kjem frå Romsdal, fordi innbindinga gjekk føre seg ein annan stad? Som me skal sjå, heftar det mykje uvisse ved fragmentmaterialet, og det er denne uvisse som opnar for minst to parallelle forklaringar på korleis eit fransk 1100-talshandskrift kunne hamna i Trondheim.

Lat. Frag. 159, 1–5: eit eksemplar av Stefans *Summa*

Oslo, Riksarkivet, Latinske fragment 159, 1–5 består av fem enkeltfragment frå eit eksemplar av *Summa in decretum Gratiani*, eit verk av Stefan av Tournai (1128–1203).⁷ Dette er ein kommentar over *Decretum Gratiani*, Gratians dekret, eit systematisk

⁵ Praha, Knihovna Metropolitni Kapituli B. 4/1 qv. For ein diskusjon av handskriftet, sjå Kaspersen 1980.

⁶ Eg fylgjer skiljet til Pettersen (2013: 48), som omtalar mellomalderproveniensi til handskriftet som primærproveniensi (*primary provenance*) og proveniensi til handskriftet i fragmentert tilstand som sekundærproveniensi (*secondary provenance*). I dei tilfella der eit fragment vart nytta om att som innbinding, er dette tertiærproveniensi (*tertiary provenance*).

⁷ Den einaste utgåva som finst til no (von Schulte 1891), er ufullstendig, mellom anna fordi utgjevaren von Schulte utelét delar av teksten han meinte Stefan berre hadde lånt frå andre. Det knyter seg framleis spørsmål til innhaldet som berre kan løysast ved hjelp av ei ny og komplett utgåve (Pennington & Müller 2008: 137).

oversyn over kyrkjeretten compilert av teologen Gratian i Bologna på midten av 1100-talet.⁸ Stefan studerte sjølv romarrett og kyrkjerett i Bologna, og vart seinare abbed i augustinararklosteret Saint-Euverte i Orléans, der han var fødd; han er òg kjend som Stefan av Orleans. I 1176 vart han abbed i Sainte-Geneviève-klosteret i Paris, noko me skal koma tilbake til, før han vart vald til biskop i Tournai i 1191, eit embete han hadde fram til han døydd i 1203.

Stefan var aktiv som jurist òg etter at han kom heim til Frankrike, der ekspertisen hans var sær satterspurd blant biskopar, klerkar og personar som var involverte i rettssaker.⁹ Han skreiv truleg *Summa*-en, eller tok i alle fall til med arbeidet, kring 1160, medan han framleis underviste i Bologna (Pennington 2019: 9–10). Verket er blant dei best overleverte Gratian-kommentarane (Kalb 1983:10), og det inspirerte fleire andre tilsvarende verk, fyrst og fremst før 1200 (Weigand 2008b). Me kjenner til over 30 overleverte eksemplar av Stefans *Summa*, men dei fleste er ufullstendige.¹⁰

Handskriftet NRA, latinske fragment 159, 1–5 vart kopiert i Nord-Frankrike i siste fjerdedel av 1100-talet,¹¹ det vil seia relativt kort tid etter at verket kom til. Innhaldet er frå kommentarane av Gratians distinksjonar 3–5, 7, 17–20 og 21 (Vadum 2015:420), som alle omhandlar generelle prinsipp i kyrkjeretten, med unntak av distinksjon 21, som omhandlar rolla til personar i kyrkja.¹² Skrifta er ryddig og lita, med eit «rundt» aspekt; avsnitta er markerte med paragrafmerke i same blekk som brødteksten, utan understrekingar av oppslagsord. Eit av fragmenta er eit bifolium, medan resten består av mindre stykke; to av desse høyrer til nedre halvdel av same blad.

⁸ Dateringa og tradisjonen er uvis; mellom anna har det vorte hevda at det fanst to versjonar av verket, og at berre den fyrste av desse (frå ca. 1139) er skriven av Gratian sjølv (Winroth 2004).

⁹ Pennington 2019: 3. Ein nett-basert versjon av artikkelen finst her: https://www.academia.edu/36113733/%C3%89tienne_of_Tournai (vitja 19.07.19). Artikkelen gjev eit oppdatert og rikhaldig oversyn over forskinga som er gjort på Stefan og verka hans.

¹⁰ Ei liste over handskrifta finst her: http://amesfoundation.law.harvard.edu/BioBibCanonists/Report_Biobib2.php?record_id=a502 (vitja 22.07.19). Sjå note 14 om dateringa av desse.

¹¹ Stirnemann (2015) samanlikna fragmentet med Troyes, Bibliothèque Municipale ms. 640, som ein reknar med vart kopiert i Sens på 1170-talet. Dei to handskrifta er samtidige, og har liknande format: Medan fragmentet har 50 linjer, har Troyes-handskriftet 47. Det sistnemnde er rett nok meir «lesarvenleg», med strek under lemmata og distinksjonane tydeleg indikerte i margen (Stirnemann 2015).

¹² Jamfør von Schulte 1891: 13–15, 16–17, 26–32. Ei elektronisk utgåve av Gratians *Decretum* finst her: <https://geschichte.digitale-sammlung.de/decretum-gratiani/online/angebot> (vitja 19.07.19).

Bifoliumet, som har overlevd i full storleik, er 310 mm høgt og 210 mm breitt; teksten er sett ut i to spaltar, som måler rundt 250×65 mm, med femti liner.





Fig. 1: Oslo, NRA, latinske fragment 159, 1–5 (forstørtra utsnitt av eit av dei mindre fragmenta). Foto: Michael Gullick

Bifoliumet vart nytta som innbinding på ei skatteliste frå 1604–1605, Steen Billes rekneskap over Jemtland og Herjedalen, som høyrde til Noreg fram til 1645. Dei mindre fragmenta vart nytta som forsterking av ryggen på andre rekneskapar, sjølv om berre eitt av desse har fått påskrive proveniensinformasjon. Denne viser at fragmentet vart nytta som innbinding på 1633-rekneskapen for futedømmet Strinda, omlandet til dagens Trondheim.

Me står altså overfor eit eksemplar, datert til ein bestemt tidsperiode (ca. 1175–1200) og til eit bestemt geografisk område (Frankrike), som på ukjent vis hamna i Trondheim. Sjølv om fragmentet teier om korleis det fann vegen dit, kan den kontekstuelle informasjonen – inkludert det me veit om Stefan sjølv – gje oss (minst) to potensielle reiseruter. I det fylgjande vil eg diskutera desse.



Motstående side. Fig. 2: Oslo, Riksarkivet, fragment 2915 (lat. fragm. 159, 1): bifolium med påskrift frå Sten Billes rekneskap frå 1604. Foto: Riksarkivet.

Reiserute 1: Paris – Nidaros

Det fyrste alternativet legg til grunn at primærproveniensen til fragmentet er Nidaros i mellomalderen. Sekundærproveniensen er utvilsamt herifrå: Det eine småfragmentet vart nytta som innbinding på ei skattelite frå Strinda for året 1633, medan bifoliumet vart nytta for rekneskapen til lensherren Steen Bille over Jemtland og Herjedalen 1604–1605 (sjå over). Jemtland og Herjedalen var på denne tida norsk territorium og del av Trondheim len, der Steen Bille var lensherre frå 1601 til 1633 (Øvrebø 1983: 238). Strinda er ei tradisjonell nemning på området rundt Trondheim. I 1633 var det eit futedømme; på denne tida var Oluf Parsberg lensherre i Trondheim (Øvrebø 1983: 267). Det er truleg at rekneskapane frå futedømmet kan ha vorte bundne inn i Trondheim, og at dette skjedde hjå lensherren, særleg med tanke på at bifoliumet vart nytta som innbinding nesten tretti år før det vesle fragmentet: Det er nærliggjande å tenkja seg at lensherren har hatt eit lager av pergamentmateriale som han lét gå i arv saman med lenet (Myking 2017: 129).

Om handskriftet var i Nidaros i mellomalderen, kven kan ha eigd det og brukt det – og ikkje minst, kven tok det med seg frå Frankrike? Det er nærliggjande å tru at det dreier seg om ein person med tilknytning til erkebispesetet, sidan kjeldene stadfester at fleire geistlege frå Nidaros drog til Paris i høg mellomalderen, noko som er godt kjent i litteraturen (Johnsen 1939; Bagge 1981; Myking 2017). For å snevra inn den aktuelle tidsperioden, kan me nytta oss av det faktumet at Stefan sin Gratian-kommentar – i selskap med diverse andre Gratian-kommentarar – ser ut til å ha vorte avleggs i løpet av tidleg 1200-tal, då Johannes Teutonicus sin *apparatus* raskt etablerte seg som ein ny standardkommentar.¹³ Med tanke på kor verdfulle sjølv enkle handskrift var, er det lite truleg at nokon ville ha investert i eit verk som ikkje var tilpassa den nyaste utviklinga. Dersom ein nordmann skaffa seg handskriftet i Frankrike, hende det mest sannsynleg ikkje altfor lenge etter at boka vart til, i tidsrommet ca. 1175–1220.¹⁴

¹³ Johannes, som må ha gjort ferdig kommentaren sin seinast 1217, ekskluderte utdaterte diskusjonar og gammal lovgjeving, noko som bidrog til at teksten spreidde seg meir effektivt, og kom til å få status som *Glossa ordinaria* (Weigand 2008a: 84). Kommentaren hans har overlevd i kring 50 handskrift, og vart revidert av Bartholomeus av Brescia ca. 1234–1241, fyrst og fremst for å ta høgd for Gregorius IX sine dekretalar frå 1234 (Weigand 2008a: 85–91). For ein utfyllande diskusjon av den tidlege Gratian-litteraturen, sjå Hartmann & Pennington 2008.

Det er nettopp i denne perioden, mot slutten av 1100-talet, at me ser spor av eit regelmessig nærvære av nordmenn i Paris. Eit av dei fyrste teikna på dette er eit brev til Ernis, abbed i det kjende klosteret Saint-Victor frå 1161 til 1172, frå syster hans, «G», som er gift med ein nordmann av uviss identitet (Johnsen 1939: 101, 105–106). Ho nemner blant anna at fleire nordmenn skal ha utnytta gjestfridommen i klosteret ved å gje seg ut for å vera sende dit av henne, men kor mange reisande det er snakk om, er vanskeleg å fastslå. Sikkert er det at fleire namngjevne nordmenn oppheldt seg i Saint-Victor i løpet av andre halvdel av 1100-talet. Fire av desse er nemnde i daudeboka til Saint-Victor.¹⁵ Ein av desse, “Frater Germundus”, kan vera identisk med Geirmund, nevøen til abbed Ernis (Johnsen 1939: 104, 107).

Meir kjende er Eirik Ivarsson, erkebiskop av Nidaros frå 1189 til 1205, og etterfylgjaren hans, Tore Gudmundsson (d. 1214). Den fjerde er Tore, biskop av Hamar (d. 1196), som til liks med Eirik er omtala som “canonicus noster” (Tore Gudmundsson er derimot “frater”). Den femte nordmannen ein veit har vore i Saint-Victor, er Øystein Erlendsson, erkebiskop i Nidaros frå 1157 til 1188. Han er ikkje omtala i daudeboka, men er nemnd i eit brev til Ernis skrive mellom 1161 og 1168, der han er omtala som “den norske erkebiskopen som var hjå dykk” – truleg har Øystein vitja Saint-Victor på vegen til Roma for å ta mot palliet (Johnsen 1939: 105).

At nordmenn oppheldt seg i Paris på den tida då handskriftet vart kopiert, gjer det plausibelt at *Summa*-handskriftet kan ha funne vegen til Noreg alt i mellomalderen. Om dateringa frå 1170-talet stemmer, kan me utelukka at Øystein, som var i Paris ein gong mellom 1161 og 1168, eller Eirik, som vart utnemnd til biskop i Stavanger i 1171, har teke det med seg personleg. Det er derimot mogleg at nokon har teke det med seg på deira vegner, og spesielt i tilfellet Eirik Ivarsson er det freistande å sjå føre seg eit slikt scenario. Han hadde vore kannik i Saint-Victor, som me alt har sett, og kan dessutan ha hatt ei indirekte tilknytning til forfattaren av verket, som me straks skal sjå.

Saint-Victor var eit augustinarkloster, det vil seia eit kloster av kannikar som levde etter den augustinske regelen. Denne opnar for eit mangfald av tolkingar, slik at ulike hus kunne etablera sine eigne skikkar – *consuetudines*. På slutten av 1140-

¹⁴ Eit gjennomsyn av dei overlevande *Summa*-handskrifta, inkludert fragment (jamfør fotnote 10), viser at dei i all hovudsak er daterte til 1100- og 1200-talet i katalogane. Det finst unntak, som Trier, Stadtbibliothek 905, som er datert til 1300-talet i katalogen (http://bilder.manuscripta-mediaevalia.de/hs//katalogseiten/HSKO735_bo30_jpg.htm, vitja 19.07.19). Om dateringa er rett, kan det tyda på at Stefans *Summa* framleis hadde interesse 150 år etter at verket vart til, men ikkje nødvendigvis for dei fremste juristane eller ved dei store juridiske sentra, der utviklinga gjekk føre seg i rivande fart.

¹⁵ Paris, Bibliothèque nationale de France, ms. lat. 14673.

talet vart Odo, prior i Saint-Victor, send for å reformera (det sviaktande) benediktinar-klosteret Sainte-Geneviève, som til liks med Saint-Victor låg på venstre breidd, og innføra dei viktorinske *consuetudines* der. Med seg hadde Odo eit lag av viktorinske kannikar, og ifylgje den seinare kjelda *Gallia Christiana*,¹⁶ som reknar opp namna på desse kannikane, var Eirik blant dei: *Henricus, seu Erricus junior tunc presbyter, qui deinde archiepiscopus Nidrosiensis, de Drontheim in Norvegia ab anno 1186. ad 1203* (“Henrik, eller Eirik, på den tida ein ung prest, som deretter vart erkebiskop av Nidaros i Trondheim i Noreg frå år 1186 til 1203 [sic]”, mi omsetjing) (Sainte-Marthe 1744: 712). Dersom Eirik verkeleg var med på reformasjonen av Sainte-Geneviève, må han ha nådd ein særskild høg levealder, sidan han fyrst døydde i 1213, 65 år seinare (Nenseter 2003: 31). Sjølv om *Gallia Christiana* kan innehalda både unøyaktige og feil opplysingar – Eirik var til dømes erkebiskop frå 1189 til 1205 og ikkje frå 1186 til 1203, slik kjelda seier – er det likevel ikkje utenkjeleg at opplysinga er sann, noko mellom andre Erik Gunnes har stilt seg open for (Gunnes 1996: 195). Alternativt kan ein annan Eirik frå Noreg ha vore til stades og seinare vorte forveksla med erkebiskopen, men om dette er meir sannsynleg, vert eit ope spørsmål.

I 1176 fekk Sainte-Geneviève ny abbed: Det var ingen ringare enn Stefan, forfattaren av *Summa*. At Stefan og Eirik nokon gong møttest personleg, er ikkje umogleg. Om me legg til grunn at opplysningane i *Gallia Christiana* har rot i røynda, var Eirik i Paris på slutten av 1140-talet, og kanskje heilt fram til rundt 1170. Me veit at Stefan vart kannik i Saint-Euverte på 1150-talet, og truleg studerte han i Bologna etter dette og fram til han vart kalla heim til Orleans som abbed i 1168 (Pennington 2019). Det er ikkje umogleg at han har vitja Saint-Victor og/eller Sainte-Geneviève på vegen til eller frå Orléans, og at han har møtt Eirik der.

At Eirik hadde tilknytning til viktorinarane i Paris og (kan henda) til Sainte-Geneviève, der Stefan var abbed, er ikkje den einaste grunnen til å sjå han som ein mogleg eigar av *Summa*-handskriftet. Eirik var ein ihuga tilhengjar av dei “gregorianske” reformtankane og ideen om ei universell kyrkje som stod over verdsleg makt, noko som var hovudårsaka til den lange og bitre konflikten med kong Sverre. I denne konflikten lente Eirik seg tungt på rettskjelder, mellom anna ved hjelp av ein omfattande korrespondanse med pave Celestin III (Nielsen 2008: 173–180). I Sverre-

¹⁶ *Gallia Christiana* (*Gallia christiana in provincias ecclesiasticas distributa; qua series et historia archiepiscoporum, episcoporum et abbatum Franciae vicinarumque ditionum ab origine Ecclesiarum ad nostra tempora deducitur et probatur ex authenticis instrumentis ad calcem appositis...*) er eit encyclopedisk oversyn over fransk kyrkjeehistorie, med detaljerte lister over bispedømme, kloster og personar tilknytt desse. Den fyrste, ufullstendige utgåva kom alt i 1621. Eit omfattande revisjonsarbeid vart sett i gang av mauristane under leiing av Denys de Sainte-Marthe på 1700-talet og fullført i 1865.

soga står det at Eirik “viste til den lovboka som heitte Gullfjør, som erkebisp Øystein let skrive, og så til [gudeleg] romersk rett og somt som han hadde brev og innsegl på ifrå paven”.¹⁷ Soga spesifiserer ikkje andre rettskjelder enn Gullfjør, den tapte kristenretten til Øystein Erlendsson, men det er interessant å merka seg at Eirik skal ha nytta seg av romersk rett, som forfattaren ikkje ser ut til å skilja skarpt frå den kanoniske. Juristar med utdanning frå Bologna, inkludert Stefan, var lærde både i romarrett (basert på keisar Justinian I si samling *Corpus juris civilis*)¹⁸ og kyrkjerett, og Stefan drog vekslar på romarretten i virket sitt som kanonist, inkludert då han skreiv *Summa in Decretum Gratiani* (Pennington 2019: 14, 19–21). Eirik har dimes hatt konkret nytte av, og truleg interesse for, litteratur av typen *Summa*-fragmentet representer.¹⁹ Dette, til liks med banda til Paris og viktorarane, og ikkje minst tidspunktet – slutten av 1100-talet – gjer det freistande å sjå Eirik som ein mogleg eigar av handskriftet, jamvel om han ikkje har hatt høve til å skaffa seg det i løpet av si eiga tid i Paris, men har fått det eller kjøpt det i etterkant, til dømes på veg heim frå Roma etter å ha fått palliet i 1189.

Det er ikkje dermed sagt at Eirik er den einaste i Noreg på denne tida som kunne ha interesse av å eiga juridisk litteratur. Hans eigen motstandar, kong Sverre, var presteutdanna, og i skriftet *Tale mot biskopane* nyttar forfattaren seg av Gratian for å argumentera for at Sverre har retten på si side mot Eirik og bispene som fylgjer han – rett nok utan å vera fullt på høgd med samtidig jus.²⁰ Eit anna døme er forjengaren til Eirik, Øystein Erlendsson,²¹ som ikkje berre var opphavsmannen til kristenretten Gullfjør, men truleg òg til dei sokalla *Canones Nidrosiensens*, statuttar for

¹⁷ Koht 1967: 137. Norrøn utgåve basert på *Flateyjarbók*: [https://heimskringla.no/wiki/Sverris_saga_\(Flateyjarb%C3%B3k\)](https://heimskringla.no/wiki/Sverris_saga_(Flateyjarb%C3%B3k)) (vitja 19.07.19). Her står det: *Erchibyskup baud fram þa bok er Gullfiodur var kollut er rita let Eysteinn erchibyskup. þar med baud hann guds lög romuersk ok þat sumt er hann hafdi til breffpauans ok innsigli* (kap. 103, mi utheving). Koht har omsett dette til “romersk rett”.

¹⁸ https://snl.no/Corpus_juris_civilis (vitja 19.07.19).

¹⁹ Me har ingen opplysningar om Eirik sine eventuelle boksamlingar, og lite om hans egne skrifter. Det overlevande brevet til paven er ført i pennen av Vilhelm av Æbelholt medan Eirik var i eksil i Danmark, sidan han på dette tidspunktet hadde tapt eller var i ferd med å tapa synet. Dette gjer det vanskeleg å avgjera kor mykje av innhald og formuleringar som representerer Eirik sjølv, og kva som er Vilhelm sine bidrag.

²⁰ “Men samtidens juridiske skolediskusjoner går Talens forfatter forbi. [...] De romerrettslærde interesserte seg på dette tidspunkt først og fremst for imperiet; de så med forakt på ‘småkongene’. Men selv de av deres argumenter for kongsretten som disse *reguli* kunne ta i bruk, mangler i Talen” (Gunnæs 1971: 113).

²¹ Øystein har truleg studert i utlandet, utan at me veit kvar. Gunnæs (1996: 30–35) gjettar på England eller Paris.

Nidaros erkebispedømme, som i stor grad byggjer på Gratians *Decretum* (Skånland 1969; Gunnes 1996: 133–139).

Meir generelt må dei kristne reformtankane, som fekk sterkare fotfeste i Noreg etter opprettinga av Nidaros erkebispedømme i 1152/1153, ha påverka politisk tankegang og handlemåtar. Dette er fremja av Hans Jacob Orning, som ser borgarkrigane i andre halvdel av 1100-talet som knytt til det gregorianske tankegodset: Den tradisjonelle forhandlingskulturen i det norrøne samfunnet, der ein kan forlika seg med tidlegare uvener og gjera bot for eventuelle mistak, må vika for eit ideal om å stå på sitt i møte med fienden, ei haldning Orning meiner forklarar kvifor Erling Skakke føretrekte å rydda motstandarar av vegen framfor å alliera seg med dei.²² Den nådelause innstillinga til Erling utgjer i so fall ein klar parallell til den uforsonlege haldninga Eirik viste overfor Sverre. Kompromissløysa til erkebiskopen gjer han dimed ikkje til nokon avvikar i det norske samfunnet, i alle fall ikkje i dei sfærane han sjølv ferdast i, men derimot til ein representant for haldningar som var i ferd med å spreia seg utanfor dei øvste laga i kyrkja. Det kan tyda på at fleire enn Eirik ville ha interesse av rettsleg litteratur.

Hovudpoenget er altså ikkje å prova at Eirik verkeleg var eigaren av *Summa*-handskriftet, noko som uansett ikkje kan provast, men å visa at nærværet av dette handskriftet i Nidaros kan forklarast ved hjelp av historiske fakta som til saman dannar eit samanhengande narrativ. Slik kan både Eirik og fragmentet sjåast som symbol på kvar sine konsept eller fenomen, høvesvis “norske geistlege med utandlandsk utdanning 1150–1200” (eventuelt “gregorianarar i Nidaros 1150–1200”) og “kanonisk litteratur i bruk i Noreg i mellomalderen”. Samanhengen mellom den fysiske personen og det fysiske fragmentet vert eit symbol på samanhengen mellom fenomen dei representerer.

Reiserute 2: Paris–Lund

I det føregåande har eg hatt som utgangspunkt at *Summa*-handskriftet kom til Nidaros ikkje lenge etter at det vart kopiert, det vil seia mot slutten av 1100-talet. Alternativet eg no vil diskutera, opnar for ein annan primærproveniens, nemleg Lund, som i mellomalderen høyrde til Danmark. Her legg eg til grunn at handskriftet kom til Noreg fyrst etter reformasjonen på 1500-talet, for å skjerast opp og nyttast som innbindingsmateriale, og at det dimed ikkje kan nyttast som kjelde til den kanonistiske delen av norsk bokkultur i mellomalderen.

²² Orning 2014: 211–212. Til liks med Sverre Bagge (1986) reknar Orning byrjinga av borgarkrigsperioden til om lag 1160.

Det er overveldande sannsynleg at skattelistingene frå norske len og futedømme i hovudsak vart bundne inn før overfarten til Danmark (Pettersen 2013: 41–65). Spørsmålet er i kva grad innbindinga vart gjort med fragment frå lokale bøker, eller om pergament måtte importerast for å dekkja behovet. Det er grunn til å tru at dei fleste fragmenta i Riksarkivet kjem frå bøker som har vore i Noreg (Ommundsen 2017a: 136). I somme tilfelle viser det seg likevel at fragment frå norske skattelister stammar frå same handskrift som fragment i danske samlingar. Kor vidt det er snakk om dansk pergament som har vorte importert til Noreg for å nyttast som innbindingsmateriale eller omvendt, vil variera frå tilfelle til tilfelle.²³

Som me har sett, vart bifoliumet nytta som omslag på rekneskapen til den danske lensherren Steen Bille (1565–1629), som kom til Noreg i 1601, då han fekk Trondheim med Jemtland og Herjedalen i len. Det er mogleg at han har teke med seg eller fått tilsendt *Summa*-handskriftet til bruk som innbinding, og at blada han sjølv ikkje nytta, vart verande i Trondheim. Det som gjer ein dansk primærproveniens særleg aktuell i tilfellet vårt, er at Eirik Ivarsson ikkje var den einaste skandinaviske erkebiskopen med tilknytning til Paris og Sainte-Geneviève. Og endå viktigare: Me har grunn til å tru at minst eitt eksemplar av Stefans *Summa* fanst i Lund på byrjinga av 1200-talet.

Absalon, erkebiskop av Lund frå 1178 til 1201, studerte i Paris i åra rundt 1150,²⁴ det vil seia om lag på same tid som reformasjonen av Sainte-Geneviève fann stad. Det er uvisst om han studerte der sjølv,²⁵ men det er sikkert at han skreiv personleg til Geneviève-kanniken Vilhelm (d. 1203) og bad han om å koma til Danmark for å reformera det skrantande klosteret på Eskilsø, som seinare vart flytta til Æbelholt. Vilhelm tok utfordringa på strak arm. Han skulle verta ein viktig figur i det politisk-religiøse livet i Danmark, i den grad at han vart helgenkåra i 1224. Både han og Absalon korresponderte med Stefan etter at sistnemnde vart vald som abbed i Sainte-

²³ 15 slike handskrift har vorte identifiserte til no; eit oversyn over desse finst i Ommundsen 2017b: 213–214. Eg takkar Espen Karlsen for å gjera meg merksam på at det eine handskriftet (Gjerløws Mi 29a) fanst i Noreg før reformasjonen (Pettersen 2013: 45).

²⁴ Munk-Olsen (1997: 89) reknar perioden frå midten av 1140-talet og fram til midten av 1150-talet som mest sannsynleg.

²⁵ Munk-Olsen (1997: 89–90) held det for lite truleg, sidan skulen ved Sainte-Geneviève på denne tida tok til å verta mindre tilgjengeleg for utanforståande. Myking (2018: 121, n. 22) peikar på at dersom Absalon møtte Vilhelm av Æbelholt som student (slik det vert hevda i vitaet til sistnemnde), er det meir sannsynleg at dette hendte i Sainte-Geneviève, og at Absalon kan ha fylgd undervisinga der i tillegg til å studera ved katedralskulen, slik Munk-Olsen føreslår.

Geneviève,²⁶ og Absalon ordna det slik at nevøen Peder Sunesen fekk studera i klosteret.

Anders, bror til Peder, studerte òg i Paris på eit tidspunkt,²⁷ men han er ikkje nemnd i breva Stefan skreiv til Absalon, noko som tyder på at han ikkje var i Sainte-Geneviève (Munk-Olsen 1997: 90). Han var uansett del av det same nettverket som broren og onkelen: På 1190-talet var han og Vilhelm på reise i Frankrike og kontinentet saman: Fyrst for å forhandla fram ekteskapet mellom den danske kongsdottera Ingeborg og kong Filip August, deretter for å løysa flokane som oppstod då Filip ville ha ekteskapet oppløyst – Stefan engasjerte seg òg i dette, kanskje på oppmoding frå dei danske kontaktane sine (Myking 2018: 122). Anders var elles blant dei som fekk i oppgåve av paven å vurdera grunnlaget for kanonisering av Vilhelm etter at sistnemnde døydd i 1224.

Med andre ord kan banda mellom Sainte-Geneviève og erkebiskopsetet i Lund i andre halvdel av 1100-talet seiast å vera endå klårare enn banda med Nidaros. Det aller viktigaste argumentet som talar for ein primærproveniens frå Lund, er likevel at me veit at minst eitt av Stefan sine verk fanst her i mellomalderen – og at det høyrde til nettopp Anders Sunesen.

Anders var ein framstående jurist og forfattar, med inngåande kjennskap til kanonisk rett.²⁸ *Liber Daticus Vetustior* (“den eldre gåveboka”),²⁹ eit handskrift frå 1100-talet som òg er kjent som “Lunds martyrologium”, inneheld ein nekrolog over Anders, inkludert ei liste over bøkene han testamenterte til domkapittelet i Lund (fol. 58r–59r). Blant desse finn me ein *Libellum Stephani, abbatis de sancta Genowefa* – kan det dreia seg om *Summa in decretum Gratiani*?³⁰ Og i so fall, kan denne boka vera identisk med handskriftsfragmentet i Oslo?³¹

²⁶ Sjå til dømes *Diplomatarium Danicum* rekkje 1, 3: 124–126, nr. 82, der Stefan takkar Vilhelm for ein hest som han har fått.

²⁷ Munk-Olsen (1997: 89) reknar med at Anders studerte i Paris ein gong mellom tidleg 1180-tal og 1193, året då bryllaupet mellom Ingeborg og Filip August fann stad.

²⁸ Condorelli 2018. For fleire aspekt ved Anders sitt virke, sjå Ebbesen 1985.

²⁹ Lund, Universitetsbiblioteket, MS 7. Tilgjengeleg på nett: <http://urn.kb.se/resolve?urn=urn:nbn:se:alvin:portal:record-13276> (vitja 01.05.19). Ein antologi med tilhøyrande faksimile av handskriftet kom ut for få år sidan (Nylander 2015).

³⁰ At boka til Anders har vore eit eksemplar av Stefans *Summa*, har òg vore føreslått av Condorelli (2018: 137).

³¹ Eit argument mot dette kan vera at fragmentet er frå eit relativt stort handskrift (310x210 mm), og at det er meir sannsynleg at *libellus* har referert til ei bok av mindre format (Espen Karlsen, personleg kommunikasjon). Men *libellus* kan referera til innhaldet, særleg dersom handskriftet ikkje inneheldt alle delane av *Summa* (noko som er tilfelle for mange av dei over-

Mangelen på ei kvar form for ex-libris gjer det umogleg å stadfesta sikkert at Oslo, latinske fragment 159, 1–5 er identisk med Anders sin *libellus*. Men med tanke på at dei same argumenta som forklarar korleis boka kunne hamna i Nidaros i 1100-talet – personlege kontaktar med Sainte-Geneviève, ei interesse for kanonisk rett – i kanskje endå større grad er gyldige for Lund, er det ikkje usannsynleg at handskriftet var i bruk i Danmark i mellomalderen, og at det fyrst kom til Noreg med Steen Bille i 1601, særleg når me har belegg for at Anders faktisk eigde eit av Stefan sine verk.

... eller: Paris–Lund–Nidaros?

Eit tredje alternativ, som enno ikkje har vore diskutert, er at handskriftet kom fyrst til Lund via dei kontaktane som er skisserte ovanfor – det vil seia gjennom Anders Sunesen eller nokon i krinsen hans – og at nokon tok det med seg vidare til Nidaros før reformasjonen. Dersom Oslo-fragmentet verkeleg er den same boka som vart testamentert til Lund-kapittelet i 1228, må handskriftet ha kome til Nidaros etter den tid. Det er vanskeleg å vurdera kor sannsynleg dette alternativet er, sidan det enno ikkje er gjort nokon endeleg systematisk studie av bokutveksling mellom Nidaros og Lund i høg mellomalderen.³² Ein slik studie er ynskeleg, men vanskeleg å gjennomføra utan meir kartlegging av dei danske fragmenta, slik at ein får eit betre oversyn over kor mange handskrift som er representerte med fragment både i norske og danske samlingar. For sjølv om det er rimeleg å gå ut frå at Lund og Danmark må ha utøvd ein viss påverknad på norsk skriftkultur særleg i fyrste halvdel av 1100-talet, det vil seia før Nidaros vart etablert som eige bispedømme, og sjølv om ein kan venta at bøker produserte i Lund er representerte blant fragmenta med norsk primær-

leverte eksemplara, sjå note 10). Eit døme på eit handskrift av same format som Stefan-fragmentet, og som inneheld ein *libellus*, er Brugge, Openbare Bibliotheek, Ms. 376, som måler 310×200 mm og som er datert til 1200-talet (http://zoeken.brugge.bibliotheek.be/detail/Ronfredus-de-Epiphaniø/Ms-376-Libellus-Ronfredi-Beneuentani-de/Handschrift/?itemid=%7Clibrary%2Fv%2Fobbrugge%2Foudedrukken%7C7223&p=brugge_erfgoed, vitja 08.08.19). Sluttrubrikken (explicit) omtalar innhaldet som *Libellus Ronfredi Beneuentani de iure ciuili* (“Ronfredus Beneventanus si vesle bok om romersk rett”); det dreier seg om ei avhandling av liknande type som *Summa*. Det kan difor ikkje utelukkast at Anders omtala *Summa* som ein *libellus*, i tråd med samtidige konvensjonar, uavhengig av formatet på handskriftet.

³² Kontakten mellom nordiske senter, inkludert Lund, var eitt av tre hovudtema for fragmentprosjektet “Frå handskriftfragment til bokhistorie”, leidd av Åslaug Ommundsen, Universitetet i Bergen (2012–2017), jamfør <https://www.uib.no/fg/handskriftsfragment/73633/nordisk-samarbeid-i-mellomalderen> (vitja 01.05.19). Identifikasjonen av fleire fragment spreidde blant norske og danske samlingar, og dei metodologiske problema desse representerer, utgjorde eit viktig funn i prosjektet. Emnet er likevel ikkje uttømt, sidan det framleis er mange uløyste spørsmål knytt til det danske materialet.

proveniens, er det vanskeleg å undersøkje dette utan nokon metode for å skilja mellom handskrift som kom til Noreg frå Danmark i mellomalderen, og etterreformatorisk pergamentimport (Ommundsen 2017b: 184).

Ein studie av bokutveksling mellom Lund og Nidaros måtte lena seg på det me veit om personlege og institusjonelle nettverk mellom bispedømma. Relasjonane eg har skissert over, vert ofte diskuterte med utgangspunkt i kontakten mellom Noreg/Danmark (avhengig av kva land forfattern fokuserer på) på den eine sida og Frankrike på den andre, der fokuset er på banda mellom Skandinavia og kontinentet, heller enn på det intraskandinaviske nettverket.³³ Etter mi meining hadde det vore fruktbart å sjå nærare på forholdet mellom dei norske og danske geistlege, sidan me veit at desse slett ikkje var isolerte frå einannan: Det er vel kjent at Eirik oppheldt seg i Lund medan han var i eksil, og at Vilhelm skreiv til paven på hans vegner etter at han hadde mist synet.³⁴

Det er rimeleg å tru at den felles tilknytninga til Paris og vektorinarane ikkje berre styrkte forholdet mellom Eirik og Vilhelm, men òg mellom Eirik (so vel som forgjengaren hans, Øystein, og etterfylgjaren hans, Tore), Absalon og Sunesen-familien: Alle desse kan – dersom me vender tilbake til kategoriseringa frå tidlegare – seiast å passa inn i gruppa “medlemmer av ein europeisk kyrkjeleg elite”. Kanskje har den vektorinske tilknytninga til dei norske erkebiskopane spelt ein viktig rolle som identitetsmarkør, eit teikn på at dei høyrde til i den europeiske eliten, like mykje som erkebiskopane i Lund, som Nidaros hadde vorte sjølvstendig frå i 1152/1153. For den del kan det ha vore Eirik som tok med seg *Summa*-handskriftet til Lund og skjenkte det i gåve til Absalon eller Anders; i so fall er me tilbake til ei reiserute der fragmentet truleg kom til Noreg etter reformasjonen, som innbindingsmateriale.

Avsluttande kommentarar

Me står altså overfor fylgjande alternativ: Handskriftet var i Noreg i mellomalderen, det var i Danmark i mellomalderen, eller det kom frå Danmark til Noreg (eller omvendt) i mellomalderen. Som me har sett, er alle tre alternativa moglege ut frå det me veit om den historiske konteksten: Både i Noreg og Danmark fanst det menn som hadde kontakt med vektorinarane i Paris, so vel som nytte av den typen litteratur

³³ To døme frå same forfattar er Myking 2017: 90–110 og 126–128, som fokuserer på kontakten mellom dei franske vektorinarane og Nidaros, og Myking 2018, som fokuserer på kontakten mellom Frankrike, Flandern og Lund. I bådøma er nabolandet (høvesvis Danmark og Noreg) og det franske sambandet nemnt, men utan nokon eigentleg diskusjon av dei intraskandinaviske relasjonane.

³⁴ Vandvik 1959: 93–97 (no. 28); Langebek 1786: 19–21 (lib. 1, ep. 24); DN VI 3.

Stefan-handskriftet representerer. Disse skandinavane hadde dessutan kontakt med kvarandre, slik tilfellet med Eirik, Absalon og Vilhelm representerer.

Sidan me har ei plausibel forklaring på at handskriftet kom til trondheimsområdet – Eirik eller ein annan nordmann med band til viktorarane og/eller interesse for rettsleg litteratur tok det med til Nidaros – kan det å vurdera andre forklaringsar ved fyrste augekast framstå som å gå over bekken etter vatn. Men det å vurdera andre alternativ set oss på sporet av problematikk som enno ikkje er fullt utforska, som utvekslinga av handskrift mellom Noreg og Danmark i mellomalderen, eller rekkevidda av pergamentimport etter reformasjonen. Kva forklaring ein ser som mest sannsynleg, kjem an på korleis ein vektar dei ulike typene indisium: Den etterreformatoriske proveniensen til fragmentet peikar mot Trondheim som staden der innbindinga gjekk føre seg, og dimed som staden der handskriftet befann seg, noko som er eit argument for at handskriftet òg var der i mellomalderen. Eirik erkebiskop sine band til viktorarane, so vel som det Sverresoga seier om bruken hans av rettsleg litteratur, støttar opp om dette alternativet. Om ein derimot legg vekt på faktumet at Anders Sunesen eigde eit av verka til Stefan, framstår Danmark som kanskje eit like sannsynleg alternativ, særleg med tanke på at somme av fragmenta i Riksarkivet kjem frå pergament som vart importert frå Danmark etter reformasjonen. Når det gjeld det tredje alternativet, at handskriftet kom frå Danmark til Noreg eller omvendt i løpet av mellomalderen, er det rein spekulasjon på det noverande tidspunkt, men det kan tenkjast at vidare forskning på dansk-norsk bokutveksling før reformasjonen vil styrkja (eller svekkja) denne hypotesen.

Kva rolle spelar det so om *Summa*-fragmentet i Oslo kom til Nidaros i mellomalderen, eller om det stogga i Danmark? Den grunnleggjande forklaringsmodellen er den same, sidan båe baserer seg på det me veit om den historiske konteksten: om skandinaviske studentar i Paris på 1100-talet, om nettverk av geistleg europeisk elite, og om kva litteratur denne eliten interesserte seg for og hadde nytte av. I båe forklaringsane spelar reisande skandinavar i Paris ei viktig rolle, til liks med dei skandinaviske kontaktane til Stefan av Tournai. Og anten det opphavlege handskriftet var i Noreg eller i Danmark i mellomalderen, melder mange av dei same spørsmåla seg: Kva fortel det oss at denne typen litteratur var til stades i Nidaros eller Lund? Kva rekkevidde fekk verket, og inspirerte det nye verk som me ikkje kjenner til? Vart det utført lokale avskrifter som ein enno ikkje har oppdaga?

Primærproveniensen til fragmentet i Oslo er umogleg å slå fast ein gong for alle – me veit ikkje om boka til Anders var eit eksemplar av Stefans *Summa*, og om det skulle vera tilfelle, veit me ikkje om det dreier seg om same handskrift. Men diskusjonen av dei ulike potensielle reiserutene til fragmentet tener til å kasta lys over

viktige spørsmål knytt til dansk-norske nettverk og samband, anten handskriftet kom til Nidaros i mellomalderen, eller til Trondheim nokre hundre år seinare.

Bibliografi

- BAGGE, Sverre. 1981. Norge. I Mauno Jokipii og Ilkka Nummela (red.), *Ur nordisk kulturhistoria: mötesrapport: 1: Universitetsbesöken i utlandet före 1660*, 141–165. Jyväskylä: Jyväskylän Yliopisto.
- . 1986. “Borgerkrig og statsutvikling i Norge i middelalderen”. (Norsk) *Historisk tidsskrift* 65: 145–197.
- DIPLOMATARIUM DANICUM, rekkje 1, band III, red. Aksel Emanuel Christensen, Herluf Nielsen m.fl. København: Det Danske Sprog- og Litteraturselskab, 1958–1990.
- CONDORELLI, Orazio. 2018. “The Ius Decretalium and the Development of the Law of Succession in Medieval Europe. Some Examples from Denmark and Sweden (XII–XIII C.)”. I Gigliola di Renzo Villata (red.), *Succession Law, Practice and Society in Europe across the Centuries*, 105–147. Studies in the History of Law and Justice 14. Cham: Springer International Publishing.
- DN = *Diplomatarium Norvegicum*, eds. Chr. C.A. Lange & et al. I–XXIII. Christiania/Oslo: Norsk historisk kjeldeskriftinstitutt/Riksarkivet, 1847–2011.
- EBBESEN, Sten (red.). 1985. *Anders Sunesen: Stormand, teolog, administrator, digter. Femten studier*. København.
- GUNNES, Erik. 1971. *Kongens ære: Kongemakt og kirke i «En tale mot biskopene»*. Oslo: Gyldendal.
- . 1996. *Erkebiskop Øystein: statsmann og kirkebygger*. Oslo: Aschehoug.
- HARTMANN, Wilfried & Kenneth PENNINGTON (red.). 2008. *The History of Medieval Canon Law in the Classical Period, 1140–1234: From Gratian to the decretals of Pope Gregory IX*. Washington, DC: Catholic University of America Press.
- JOHNSEN, Arne Odd. 1939. *Om Theodoricus og hans Historia de antiquitate regum Norwagiensium*. Avhandlinger utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo II. Hist.-Filos. Klasse 1939, No. 3. Oslo: Dybwad.
- KALB, Herbert. 1983. *Studien zur Summa Stephans von Tournai: Ein Beitrag zur kanonistischen Wissenschaftsgeschichte des späten 12. Jahrhunderts*. Forschungen zur Rechts- und Kulturgeschichte 12. Innsbruck: Universitätsverlag Wagner.
- KARLSEN, Espen (red.). 2013. *Latin Manuscripts of Medieval Norway: Studies in Memory of Lilli Gjøløw*. Oslo: Novus.

- KASPERSEN, Søren. 1980. "Munkeliv-psalterens figurinitialer – Deres forhold til teksten og det birgittinske vægmaleri". I Patrik Reuterswärd og Marian Ullén (red.), *Genesis Profeta: Nordiska studier i gammaltestamentlig ikonografi*, 186–225. Acta Universitatis Stockholmiensis 33. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- KOHT, Halvdan (overs.). 1967 [1913]. *Sverre-soga*. Oslo: Samlaget.
- LANGEBEK, Jacob (utg.). 1786. *Scriptores rerum danicarum medii aevi* t. 6. Hafniae : Typis viduae Andr. Hartv. Godiche.
- MUNK-OLSEN, Birger. 1997. "Trois étudiants danois à Paris au XIIe siècle". I Claude Lecouteux og Olivier Gouchet (red.), *Hugur: mélanges d'histoire, de littérature et de mythologie offerts à Régis Boyer pour son 65e anniversaire*, 87–96. Paris: Presses de l'Université de Paris-Sorbonne.
- MÜNSTER-SWENDSEN, Mia, Thomas K. HEEBØLL-HOLM og Sigbjørn Olsen SØNNESYN (red.). 2016. *Historical and Intellectual Culture in the Long Twelfth Century. The Scandinavian Connection*. Durham/Toronto: Brepols.
- MYKING, Synnøve Midtbø. 2017. "The French Connection: Norwegian Manuscript Fragments of French Origin and their Historical Context". Ph.d-avhandling. Bergen: Universitetet i Bergen.
- . 2018. "Ter Doest, Lund, and the Legendarium Flandrense: Danish-Flemish Connections in the Late Twelfth Century". *The Journal of Medieval Latin* 28: 115–140.
- NENSETER, Olav. 2003. *Augustinerordenen: å lære andre gjennom ord og eksempel*. Religiøse ordener i middelalderens Norge 1. Oslo: Middelalderforum.
- NIELSEN, Torben K. 2008. "Celestine III and the North". I John Doran & Damian J. Smith (red.), *Pope Celestine III (1191-1198): Diplomat and Pastor*, 163-182. Farnham: Ashgate.
- NYLANDER, Eva Nilsson (red.). 2015. *Mellan evighet och vardag. Lunds domkyrkas martyrologium Liber daticus vetustior (den äldre gåvoboken)*. Studier och faksimil-utgåva. Lund: Universitetsbiblioteket
- OMMUNDSEN, Åslaug & Tuomas HEIKKILÄ (red.). 2017. *Nordic Latin Manuscript Fragments. The Destruction and Reconstruction of Medieval Books*. London og New York: Routledge.
- OMMUNDSEN, Åslaug. 2017a. "A Norwegian – and European – jigsaw puzzle of manuscript fragments". I Ommundsen & Heikkilä 2017: 135–162.
- . 2017b. "Danish fragments in Norway and their connections to twelfth-century Lund". I Ommundsen & Heikkilä 2017: 184–220.
- ORNING, Hans Jacob. 2014. "Borgerkrig og statsutvikling i Norge i middelalderen – en revurdering", (Norsk) *Historisk Tidsskrift* 93: 193–216.

- PENNINGTON, Kenneth. 2019. "Étienne of Tournai". I Olivier Descamps & Rafael Domingo (red.), *Great Christian Jurists in French History*, 35–51. Cambridge: Cambridge University Press.
- PENNINGTON, Kenneth & W. P. MÜLLER. 2008. "The Decretists: The Italian School". I Hartmann & Pennington 2018: 121–173.
- PETERSEN, Gunnar I. 2013. "From Parchment Books to Fragments: Norwegian Medieval Codices before and after the Reformation". I Karlsen 2013: 41–65.
- SAINTE-MARTHE, Denis de. 1744. *Gallia Christiana, in provincias ecclesiasticas distributa : qua series et historia archiepiscoporum, episcoporum et abbatum Francia vicinarumque ditionum ab origine ecclesiarum ad nostra tempora deducitur, & probatur ex authenticis instrumentis ad calcem appositis*, T. 7: *In quo de Archiepiscopatu Parisiensi* [Nova editio]. Paris.
- SKÅNLAND, Vegard. 1969. *Det eldste norske provinsialstatutt*. Oslo: Universitetsforlaget
- STIRNEMANN, Patricia. 2015. "Some Highlights from the Norwegian Fragment Collection", *Exploring the Middle Ages* (konferanseinnlegg). Bergen.
- VADUM, Kristoffer. 2015. "Bruk av kanonistisk litteratur i Nidarosprovinsen ca 1250-1340". Ph.d.-avhandling). Oslo: Universitetet i Oslo
- VANDVIK, Eirik (utg.). 1959. *Latinske dokument til norsk historie: fram til år 1204*. Oslo: Samlaget.
- VON SCHULTE, Johann Friedrich (utg.). 1891. *Die Summa des Stephanus Tornacensis über das Decretum Gratiani*. Giessen: Emil Roth.
- WEIGAND, Rudolf. 2008a. "The Development of the Glossa ordinaria to Gratian's Decretum". I Hartmann & Pennington 2008: 55–97
- . 2008b. "The Transmontane Decretists". I Hartmann & Pennington 2008: 174–210.
- WINROTH, Anders. 2004. *The Making of Gratian's Decretum*. New York: Cambridge University Press.
- ØVREBØ, Egil. 1983. *Arkivregistraturar, 4 2: Lensrekneskapar Agder, Vestlandet, Trøndelag, Nord-Noreg: tillegg: rekneskapar og jordebøker eldre enn 1570*. Oslo: Riksarkivet.

Synnøve Midtbø Myking, postdoktor tilknytt prosjektet *Transformations of Medieval Law*, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier, Universitetet i Bergen. Ph.d.-avhandlingen "The French Connection. Norwegian Manuscript Fragments of French Origin and their Historical Context" vart forsvart i 2017. Tilsett ved Institut de recherche et d'histoire des textes, CNRS, Paris. E-mail: synnove.myking@gmail.com.